

Digitale læremiddel på nynorsk no!

År etter år opplever nynorskelevlar at dei får læremidla sine seinare enn bokmåselevane.

I ein meir digital skulekvardag har dette forverra seg, og mange av læremidlane som vert brukte i skulen, finst berre på bokmål. Skal nynorskelevane få like god opplæring i språket sitt som bokmåselevane, må læremidlane kome på plass til rett tid.

Ei ny opplæringslov er på veg, og i framlegget frå Solberg-regjeringa, som har vore ute på høyring, vert det ikkje gjort nok for å betre læremiddelsituasjonen.

Møre og Romsdal SV krev at den nye regjeringa og kunnskapsministeren ryddar opp i dette, og at den nye opplæringslova vert mykje tydelegare, slik at også nynorskelevane får ein digital skulekvardag på nynorsk. Fylkeskommunane og kommunane må bruke marknadsmakta til å sikre nynorske læremiddel.

Definisjonen av kva eit læremiddel er, må femne om alle læremiddel og læringsverktøy, som vert nytta i skulen.

Læremiddeldefinisjonen i framlegg til ny opplæringslov er ikkje tydeleg nok, og difor kan praksisen med å tilby bokmålsversjonar av digitale læremiddel til nynorskelevlar halde fram.

Mange skular brukar skriveprogram som ikkje støttar nynorsk, og dette går utover skriveopplæringa til nynorskelevane. Den nye opplæringslova må stille krav om at skriveprogramma, som vert nytta i skulen, må støtte nynorsk.

Ny opplæringslov må vere klokkeklar i krav til læremiddel og produsentane av læringsverktøy.

Møre og Romsdal SV krev lovfesting av krav om at produsentar av digitale læringsverktøy må levere produkt på nynorsk!

Møre og Romsdal SV

Sendast til regionale media og Utdanningsfraksjonen på Stortinget